

Arkitekt Rolv Eide AS  
Postboks 325,  
5343 Straume

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
04 JUL 2018	
Ark. saksn 18 20 3	Lopenr.
Saksh.	Tilgangskode

Knarvik, 02.07.2018

## Nabovarsel om nytt bygg i Kvassnesvegen G.nr. 188 B.nr.66

I søknaden om dispensasjon er det beskrevet at eiendommen formidler overgangen mellom sentrum og boligområdet i øst og friområdet ved Kvassnesstemma med en nedtrappende høyde.

Dette er nok riktig at det er en nedtrappende høyde mot Kvassnesstemma, men mot eksisterande boligområde er dette heilt feil. Her er det søkt om å byggja ein ekstra etasje mot øst på bygg C som ligg nermast Kvassnesstemma. **Dette vil eg protestera sterkt på. Her burde det vore ei nedtrapping mot eksisterande boligområde i staden.**

Desse boligane vart bygd i 1986-87 og spesielt vår eideom 188/501 vart tvinga av Lindås Kommune til å byggja så lavt, sjølv om me ville byggja ein del høgare. Det må takast hensyn til.

**Her må byggherren forholde seg til gjeldane reguleringsplan (Knarvik planen) som seier maks 3 etasjar (K 47 ) mot sør og maks 4 etasjar ( K 51) mot nord og flytta den ekstra etasjen på bygg C tilbake til bygg B.**

Det burde etter mi mening ikkje vore lov å byggja meir enn to etasjar på bygg C som er nermaste bygg til oss.

Med tanke på det nye Helsehuset som vert nermaste nabo til denne utbygginga ville det vore meir naturleg å flytta etasje nr 3 og 4 frå bygg C til bygg B. Dette vil gi ein mykje betre utsikt frå leilighetene i bygg D og F mot Kvassnesstemma, som er eit fantastisk friområde. Dette må jo vera betre enn å berre kunna sjå mot eit seks etasjar stort Helsehus i Sør vest. Her ville det blitt mange fleire supre leiligheter med fantastisk utsikt mot sør øst i staden for mot sørvest som vert eit kjempestort Helsehus. Dette hadde då blitt eit nedtrappende høyde mot eksisterande boligar og spesielt oss på 188/501 for å ivareta solforhold og utsikt.

**Ber om at søknaden om dispensasjon på ekstra etasje på bygg C og dermed ekstra høyde både i nord og sør vert avslått.**

Ber om å få tilsendt oversikt på utbygginga sett frå øst og sør øst med eksisterande bustad eiendommar inntegna. Dette er ikkje tatt med i dispensajons søknaden.

Kopi til Lindås Kommune.

Mvh

Ingar Hopland

Kvassnesvegen 28

[Ingar.hoplnd@bkkfiber.no](mailto:Ingar.hoplnd@bkkfiber.no)